



Statsforvaltaren I Vestland
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/5780 - 23/63867

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
eilin.houlison.molvik@alver.kommune.no

Dato:
22.08.2023

Oversending av søknad om dispensasjon til uttale - gbnr 137/288 Alver

Tiltak: Dispensasjon for arealoverføring
Byggjestad: Gbnr: 137/288
Tiltakshavar: Per Thorgersen
Ansvarleg søkjar: Per Thorgersen

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8 i samband med planlagt arealoverføring mellom gbnr 137/288 og gbnr 137/549.

Det er i same søknad søkt om dispensasjon frå pbl § 1-8 for etablering av naust på eigedom gbnr 137/288 administrasjonen har valt å dele opp søknaden med heimel i plan- og bygningslova § 1-6 då dette gjeld to sjølvstendige tiltak som kan handsamast uavhengig av kvarandre, sjå oversending i eige skriv vår saksreferanse 23/6135.

Det er i søknad opplyst at arealet som er søkt arealoverført har ein storleik på om lag 100 m².

Det er ikkje komne merknadar til varsla tiltak. Ved gjennomgang av søknaden vert det avdekka at gjenbuar på eigedom gbnr 137/703 ikkje er varsla om planlagt arealoverføring, det vert sendt skriv til søkjar der det vert bedt om at varsling vert dokumentert.

Planstatus

Arealet ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen er avsett til Naust (BAB1) samt delvis på areal avsett til bustadforemål. I tillegg til søknad om dispensasjon frå byggeforbodet langs sjø gjeve i pbl § 1-8 krev planlagt arealoverføring at det vert søkt om og ligg føre dispensasjon frå arealbruken.

KDP pkt. 2.2.1, 5. avsnitt opnar opp for at det kan gjevast løyve til arealoverføring av inntil 200 m² samla etter pbl § 20-1 bokstav m) utan krav om reguleringsplan dersom dette ikkje er til hinder for framtidig regulering og/eller vanskeleg gjer realisering av plan.

Det er ikkje søkt om dispensasjon frå KDP med omsyn til arealbruken, det vert det sendt eige skriv til søkjar der det vert bedt om supplering av søknad om dispensasjon.

Vi ber dykk om uttale både med omsyn til byggeforbodet langs sjø pbl § 1-8 og arealbruken med omsyn til arealoverføring mellom eigedom gbnr 137/288 og gbnr 137/549.

VURDERING

Etter administrasjonen si vurdering vil ikkje planlagd arealoverføring verte til hinder for ei evt. framtidig regulering av området og planlagd arealoverføring krev ikkje dispensasjon frå plankravet jf. KDP pkt. 2.2.1, 5. avsnitt.

Dispensasjon

Saka vart no sendt på høyring til regionale og lokale mynde for uttale. Vår handsaming av søknaden vil i stor grad avhenge av dykkar uttale i saka, administrasjonen si førebelse vurdering er at omsøkt arealoverføring ikkje vil verte til hinder ved ei evt. framtidig regulering av området.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon - arealoverføring og etablering av naust - gbnr 137/288 og 137/549 Alver
Opplysninger gitt i nabovarsel
Utsnitt KDP gbnr 137_288
Utsnitt orthofoto 2015 gbnr 137_288

Kopi til:

Per Thorgersen	Alverneset 10	5916	ISDALSTØ
----------------	---------------	------	----------

Mottakarar:

Statsforvaltaren I Vestland	Njøsavegen 2	6863	Leikanger
Vestland Fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen